

---

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse

---

**Frå:** Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse

---

### Notat Krafttak for psykisk helse

#### Bakgrunn for notatet

I notatet til hovudutval for opplæring og kompetanse følgjer fylkesdirektør for opplæring og kompetanse opp desse vedtaka:

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i PS- 15/2021.

«Krafttak for psykisk helse.

Mange barn og unge har hatt en svært krevende tid det siste året. Smitteverntiltakene har lagt begrensinger på sosial omgang og fritidsaktiviteter, og bruken av hjemmeskolen har til tider vært utbredt. Helse Vest melder om et økende antall barn og unge som lider av depresjon, håpløshet, spiseforstyrrelser og selvskadning. Skolebyråden i Bergen, Endre Twinnereim (Ap), sier han er alvorlig bekymret for hvilke konsekvenser hele perioden har hatt for barn og unge. Det er viktig at fellesskapet stiller opp for de mest sårbare ungdommene, og fylkeskommunen må ta et særlig ansvar for ungdommene innenfor sitt nedslagsfelt.

Fylkesrådmannen blir derfor bedt om å vurdere ekstra tiltak som kan gi et løft for de ungdommene med størst behov og de som er særlig rammet av smitteverntiltakene. Dette kan eksempelvis kanaliseres gjennom produksjonsskolen, SEFF, skolepsykologene, miljøarbeidere, Røde Kors eller andre tiltak som er egnet for å nå frem til disse ungdommene. Fylkesutvalget oppfordres også til å følge opp saken.»

Fylksutvalet vedtok i PS 50/2021

«Fylkestinget viser til rekneskapen for 2020 med eit mindreforbruk på 215,8 mill. kr.

Fylkestinget godkjenner at følgjande strakstiltak innanfor opplæringssektoren vert sette i verk::

2. Andre strakstiltak for inntil 20 mill. kr for å motverke effektar av koronapandemien for elevane og lærlingar i vidaregåande opplæring knytt opp mot psykososiale høve.  
Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlane i tett dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse.


Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni og kjem attende til finansiering av tiltaka i denne saka.»

Fylkestinget skal gjøre endelig vedtak i denne saka 09.03.2021. På grunn av offentleggjering av politiske dokument legg fylkesdirektøren dette RS- notatet fram til orientering for hovudutval for opplæring og kompetanse før endelig vedtak. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil ha fylkestinget sitt endelige vedtak til møte 16.03.2021

## Innleiing

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vil i det følgjande orientere om sosiale og psykososiale tiltak til elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Tiltaka skal særleg motverke effektar av koronapandemien knytt til psykososiale høve og oppfølging av vedtakspunkt 2 i PS 50 /2021.

Fylkesdirektøren meiner det er føremålstenleg å kategorisere tiltaka i universelle, selektive og indikative tiltak, jamfør førebyggingsstrekanten illustrert nedanfor.



### Universelle førebyggende og meistringsfremjande tiltak

rettar seg mot alle elevar og lærlingar, også dei som ikkje er identifisert til å vere i ei risikogruppe.

#### Selektive tiltak

rettar seg mot spesielt sårbarer og utsette grupper med behov for tett oppfølging

#### Indikative tiltak

rettar seg mot definerte risikogrupper (med diognosar) som treng behandling av helsevesenet, til dømes eteforstyrningar, depresjon og sjølvskadning. Desse tiltaka gjeld for eit mindretal av elevane og lærlingane og er ikkje å rekne som lågterskeltild.

## Tiltaka

Vidare orienterer fylkesdirektør for opplæring og kompetanse om disponering av potten sett av til strakstiltak, med inntil 20 mill. kr

- strakstiltak
- ekstratiltak
- langsiktige tiltak

for å gjennomføre og følgje opp kraftak for psykisk helse. Tiltaka viser til kategoriane universell og selektiv. Indikative tiltak blir sett i verk av helsepersonell etter utgreiing, og kan nytte vidaregåande opplæring som ledd i behandlinga dersom det er føremålstenleg.

### Universelle straks- og ekstratiltak for tettare oppfølging av elevar og lærlingar som følge av pandemien.

Det er sett i gang følgjande helsefremjande arbeid for å auke elevane og lærlingane sin tilgang til sosiale møteplassar for å styrke psykisk helse:

- Samarbeid med frivillige organisasjoner om ulike aktivitetar og tiltak
- Open skule på ettermiddagar med tilgang på ulike aktivitetar tilrettelagt og gjennomført av vaksne. Målgruppe elevane og lærlingane
- Open skule i vinterferien med tilgang på ulike aktivitetar tilrettelagt og gjennomført av vaksne. Målgruppe elevane og lærlingane
- Auke leksehjelp
- Informasjonsskriv utarbeidd av psykologtenesta. Målgruppe: til føresette om korleis dei kan vere ei støtte for ungdommen

### Universelle og selektive straks- og ekstratiltak for tettare oppfølging av elevar og lærlingar som følge av pandemien.

Tiltaka nedanfor er universelle og rettar seg mot alle elevar og lærlingar, men kan tilpassast selektivt til spesielt sårbare og utsette grupper med behov for tett oppfølging

- Tett oppfølging av elevar og lærlingar frå rettleiingstenestene og skulane
- Webinar utarbeidd og gjennomført av psykologtenesta om psykisk helse. Målgruppe:

**lærarar og andre tilsette på skulane**

- Webinar utarbeidd og gjennomført av psykologtenesta om psykisk helse. Målgruppe: lærebedrifter og opplæringskontor
- Webinar utarbeidd og gjennomført av psykologtenesta om psykisk helse: Målgruppe: kan nyttast i samband med foreldremøte
- Auke samtalekapasitet på Vestland fylkeskommune sin etablerte støttetelefon for elevar og lærlingar som treng nokon å snakke med.

**Langsiktige tiltak**

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse meiner dei langsgittige forebyggande tiltaka skal virke både helse- og læringsfremjande for elevane og lærlingane. Ungdom som fullfører vidaregåande opplæring, er mindre utsette for å hamne i varig utanforskap enn dei som ikkje fullfører. Varig utanforskap er ein risikofaktor for psykisk uhelse. Arbeidsdokumenta som var ein del av prosessen med mål og strategiane for vidaregåande opplæring, synte at psykisk uhelse er ein veksande faktor for at ungdom ikkje gjennomfører opplæringa.

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse meiner at arbeidet med langsgittige tiltak for elevar og lærlingar må sjåast i samanheng med mål og strategiar, og arbeidet med det tilhøyrande handlingsprogrammet. Tiltaka i handlingsprogrammet skal etter plane ferdigstilla og vedtakast i august.